

Irene og Thomas Lunde (BFS27)

Mangersnesvegen 244

5936 Manger

15.10.23

Alver Kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

Post@alverkommune.no

Merknader til offentlig ettersyn og høring

Detaljereguleringsplan for Mangersnes

Plan 12602011000400

Viser til detaljereguleringsplanen for Mangersnes pkt 9.4.

Tiltakshavar skildrar at dei nye bustadane vil i liten/ingen grad øydelegge naboens kvalitetar.

Tiltakshavar påstår at planen ikkje vil føre til nokon konsekvensar for utsikt og soltilhøve. Me meiner dette er umogleg slik planane ligg føre i dag.

Som ein av dei to eksisterande heilårsbustadane som grensar direkte til dei nye bustadane på Mangersnes, stiller me oss svært undrande til at tiltakshavar ikkje har vore i dialog med

oss når det gjeld kotehøgdar og plassering av dei nye bustadane i terrenget. Me ønsker å koma med følgjande merknadar til detaljreguleringsplanen for Mangersnes:

Plassering og kotehøgdar

Viser til Pkt 8.2.2 og illustrasjonskartert på Alver kommune sin arealplan som begge er lagt ved i planen. Karta opererer med ulike høgdekontar, og me er usikker på kven av dei som er gjeldane. Begge planen opnar for at alle bustadane i planen kan byggja inntil 2 etg + loft, noko som vil vera til stor sjenanse i terrenget.

BFS1-3 vil i stor grad sjenera for eksisterande bustadar (BFS26 og BFS27). Dei ligg innafor strandsona, og vil i tillegg øydeleggja utsikta til heile bustadfeltet mot sjø. Me krever at BFS1-3 må ut av planen.

BFS4 ligg plassert like framfor eksisterande BFS26 og vil ta all utsikt mot sjø. BFS4 må ut av planen for ikkje å øydelegge den primære utsikta til BFS26.

BFS5-9 må endra kotehøgda i begge plankarta til mønehøgde 19 moh. Dette må gjelda for alle dei 5 bustadane for å behalda utsikt til sjø for husa lengre bak i feltet.

BFS10 og BFS11 vil koma svært nær vår bustad (BFS27), og me ber om at dei tas ut av planen. Bustadane vil skugga for utsikta mot sør. Me ser også at det vil bli naturleg for BFS10 å nytta seg av vår private veg som snarveg, noko me ikkje ønsker velkommen.

Synfaring

Me ber om synfaring før ein godkjenner planen. Viser til tiltakshavar sine eigne tankar om at dei nye bustadane i liten/ingen grad vil øydelegge naboens kvaliteter, og at planane ikkje vil føra til at eksisterande bustadar mister utsikt og soltilhøve. Slik me ser det vil området sjå heilt annerledes ut etter utbygging, og store delar av utsikta til eksisterande bustadar vil vera bytta ut med høge bygg.

Utbyggjar sitt tidlegare arbeid

Viser til utbyggjar sitt tidlegare arbeid i Hesthaugen på Manger. Me kjenner på bekymring for tilsvarande resultat på Mangersnes, og ber om tydlege krav til tiltakshavar om dato for ferdigstilling.

Oppsummering

Me er einig med tiltakshavar i at Mangersnes er eit særst flott område, og at det eignar seg godt til bustadfelt dersom vegen til Manger sentrum vert utbetra og dersom alle i bustadfeltet får nytta seg av den flotte utsikta.

Me ber om at merknadane våre blir lagt til grunn når ein arbeider vidare med planane. Det er ikkje for kven som helst å bu så langt frå infrastruktur, og me trur difor at utsikt mot sjø vil vera avgjerande for at område skal vera attraktivt for kjøpar.

Me ser at det må store justeringar til i planane for at tiltakshavar si lovnad om at utsikta og soltilhøvene til eksisterande bustadar ikkje skal bli påvirka.

Mvh

Irene Myrtveit Lunde og Thomas Lunde